



Protokoll fra møte i Studieutvalget ved Det juridiske fakultet

21.01.2025 kl. 12:30-14:45
Møterom 546

Til stede:

Halvard Haukeland Fredriksen (leder) (a)
Anneken Kari Sperr (a)
Hilde Hauge (a)
Guri Lindblad (b)
Mari Anne Franklin (c)
Maya Møller (d)
Sondre Skipevåg Tveit (d)

Forfall:

Synne Sæther Mæhle (a)
Erling Johannes Husabø (a)

Sekretær: Anne Grethe Nielsen

Kontakt: studieutvalget.jurfa@uib.no

ePhorte 2025/237

Neste møte: 05.03.2025, kl. 12:30 i møterom 546.

Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden	
<u>Innkalling:</u> Innledningsvis ble det fremsatt merknad om at det er ønskelig at sakspapirene sendes ut en uke før møte.	
<u>Dagsorden:</u> Ingen merknader.	
Sak 2/25 Orienteringssaker	
1	Protokoll fra SU 04.12.2024. Godkjent på sirkulasjon den 05.12.2024.
2	Fullmaktsvedtak: a) Mindre endring i litteraturliste JUS232 Rettshistorie og komparativ rett b) Endringer i obligatoriske kursaktiviteter JUS214 Tings- og immaterialrett V-25 c) Tilføyelse til pensum i JUS3552 Tvisteløsning i kommersielle forhold d) Tilføyelse til pensum i JUS3553 Konfliktmekling
3	<i>Fullmaktsvedtakene fås ved henvendelse til studieutvalget.jurfa@uib.no</i>
Ny mal for programevaluering etter revidering av UiBs kvalitetssystem for utdanning	
Sak 3/25 Saker til drøftelse/høring/uttalelse	

1	Oppretting av JUS390 Masteroppgave fra og med studieåret 2025-26, og nedlegging av JUS399 Masteroppgave etter studieåret 2024-25
SU uttaler	Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å legge ned emnet JUS399 Masteroppgave etter studieåret 2024/2025, og å opprette emnet JUS390 Masteroppgave fra studieåret 2025/2026, med de endringene i den fremlagte læringsutbyttebeskrivelsen som kom frem i møtet.
2	Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve
SU uttaler	Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve med de endringene som kom frem i møtet. Studieutvalget ber særskilt styret om å diskutere forslaget i fjerde avsnitt under «Vurderingsformer» i emnebeskrivelsen (uthevet med gult), hvor det fremgår at en kandidat som uteblir fra muntlig eksamen likevel får endelig sensurvedtak, men nedjustert med én karakter. Alternativet er en modell hvor det tilbys muntlig eksamen på nytt på et senere tidspunkt, men i så fall vil det påløpe merkostnader for fakultetet og det blir ingen reell forskjell på gyldig og ugyldig fravær. En løsning hvor uteblivelse fører til stryk er ikke noe alternativ fordi det vil kunne føre til en uønsket mulighet for å fremprovosere stryk i tilfeller hvor en student ikke er fornøyd med foreløpig karakter på oppgaven. Det oppmodes om at fakultetsstyret gir Studieutvalget fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.
3	Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve
SU uttaler	Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve. Studieutvalget ber styret vurdere om det skal stilles krav om at karakter og begrunnelse alltid skal gis umiddelbart etter gjennomført muntlig prøve, eller om sensorene skal kunne velge å utsette sensurvedtak og begrunnelse til et senere tidspunkt, f.eks. dagen etter. Studieutvalget får fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.
4	Instruks for vurdering av skriftleg oppgåve i JUS390 Masteroppgåve
SU uttaler	Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for vurdering av skriftleg oppgåve i JUS390 Masteroppgåve. Studieutvalget får fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.
5	Nedlegging av norske spesialemer
SU uttaler	Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å legge ned emnene JUS251-2-A Grunnleggende arbeidsrett, JUS251-2-B Arbeidsrett fordypning,

JUS253-2-A Kommunalrett, JUS254-2-A Politirett, JUS255-2-A Påtalerett, JUS256-2-A Skatterett I, JUS256-2-B Skatterett II, JUS257-2-A Grunnleggende selskapsrett, JUS257-2-B Aksjeselskapsrett – fordjuping, JUS260-2-A Design- og patentrett, JUS260-2-B Opphavsrett, JUS261-2-A Konfliktmekling og JUS265-2-A Planrett og JUS250-2-D / Velferdsrett etter vårsemesteret 2025.

Det avholdes eksamen i emnene i høstsemesteret 2025 og vårsemesteret 2026 ved behov, i tråd med overgangsordningen som er beskrevet i denne saken.

Informasjon om siste eksamen skrives inn i emnebeskrivelsene.

Vedtakssaker	
Sak 4/25	Endring av studieplan LLM-programmet i EU og EØS-rett
Vedtak	Studieutvalget vedtar endringene i studieplanen som foreslått.
	Studieutvalget gir studieseksjonen og de programansvarlige fullmakt til å revidere studieprogramnettsiden, og andre nettsider, i tråd med vedtaket.
Sak 5/25	Gjentak til kontinuasjonseksamen JUS345 Strafferett og JUS346 Rettergang
Vedtak	1. Fra og med studieåret 2025/26 kan eksamen i JUS345 Strafferett og JUS346 Rettergang gjentas til enten førstkomende kontinuasjonseksamen etter kursgodkjenning eller til ordinær eksamen. 2. Utfyllende regler ved Det juridiske fakultet § 3-5, pkt. 1, b endres til: «Eksamen gjentas til ordinær eksamen, med unntak av JUS231 Obligasjonsrett som kan gjentas enten til første kontinuasjonseksamen etter gjennomført emne eller til ordinær eksamen. Fra studieåret 2025/2026 kan også eksamen i JUS345 Strafferett og JUS346 Rettergang gjentas enten til første kontinuasjonseksamen etter gjennomført emne eller til ordinær eksamen».
Sak 6/25	Søknad om midler til utvikling av nytt kurs: JUS3554 Planrett og kystsoneforvaltning
Vedtak	De emneansvarlige på fordypningsemnet JUS3554 Planrett og kystsoneforvaltning innvilges 30 undervisningstimer til utvikling av emnet.
Sak 7/25	Emneansvarlig JUS345 Strafferett
Vedtak	Professor Jørn Jacobsen erstatter professor Erling Johannes Husabø som emneansvarlig for JUS345 Strafferett fra og med høstsemesteret 2025. Jacobsen vil ivareta emneansvaret sammen med førsteamanuensis Ingun Fornes.
Sak 8/25	Endringer i studieplan for MAJUR-2
Vedtak	Studieplanen for MAJUR-2 oppdateres i tråd med forslaget i vedlegg 1.
Sak 9/25	Emneansvarlig JUS2313 og JUS3512 Legal Philosophy BA og MA

Vedtak

Martin Mindestrømmen går inn som emneansvarlig for JUS2313 og JUS3512 Legal Philosophy BA og MA sammen med Synne Sæther Mæhle fra og med vårsemesteret 2025.

Eventuelt

Halvard Haukeland Fredriksen

Leder

Anne Grethe Nielsen

Sekretær

Utvalg: Studieutvalget ved Det juridiske fakultet
Saksnummer: 3/25-1
Møtedato: 21.01.2025
Journalnummer: 2025/237

Oppretting av JUS390 Masteroppgave fra og med studieåret 2025/26, og nedlegging av JUS399 Masteroppgave etter studieåret 2024/2025.

I forbindelse med reform av 5. studieår, skal masteroppgaven tas ned til 20 studiepoeng for studenter på femårig masterprogram.¹ I tillegg skal fakultetet innføre justerende muntlig eksamen for masteroppgaven. Formelt innebærer dette at JUS399 legges ned, og at vi oppretter et nytt emne som får emnekode JUS390. Fakultetet må tilby eksamen i JUS399 i sin nåværende form i to semestre,² og vedta en overgangsordning i forbindelse med nedleggingen.³ Plan for overgangsordning for JUS399 ble vedtatt av fakultetsstyret 11.06.2024.⁴

Vedlagt følger forslag til emnebeskrivelse for JUS390 fra emneansvarlig Maria Veia Lund.

Fakultetsstyret oppretter og nedlegger emner, jf. Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen § 3.2 nr. 2 bokstav c. Når emnet er opprettet, har SU kompetanse til å foreta endringer som ikke er prinsipielle, jf. Reglement for Det juridiske fakultet § 10. Emnebeskrivelsen legges derfor fram for Studieutvalget for uttalelse.

forslag til uttalelse:

Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å legge ned emnet JUS399 Masteroppgave etter studieåret 2024/2025, og å opprette emnet JUS390 Masteroppgave fra studieåret 2025/2026 i tråd med den vedlagte emnebeskrivelsen.

08.01.2025
ANNNI/INGVSTR

¹ Se [fakultetsstyresak 60/23 Fremtidens 5. studieår](#)

² Jf. UiBs studieforskrift § 7-8.

³ Jf. UiBs studieforskrift § 3-1, nr. 6.

⁴ Se [fakultetsstyresak 51/24 Plan for utfasing av femte studieår på studieordningen av 2003](#) (SU-sak 34/24-3).

Vedlegg

Emneskildring for JUS390

Mål og innhald

Masteroppgåva skal vere eit sjølvstendig arbeid, skriven under rettleiing, der studenten sjølv har ansvaret for framdrift og resultat.

Påmelding til JUS390 skjer i oktober for skriving om våren, og i mai for skriving om hausten. Ved påmelding skal studenten oppgi fagområde og problemstilling, og levere prosjektskisse for si masteroppgåve. Val av fagområde og problemstilling er styrande for plassering i faggruppe og tildeling av rettleiar, og er såleis bindande etter at fakultetet har inngått avtale med rettleiar. Problemstillinga kan likevel avgrensast og tilpassast i ettertid, dersom endringane blir gjort i samråd med oppnemnt rettleiar og ikkje føreset byte av rettleiar.

I god tid før påmeldingsfristen går ut, arrangerer fakultetet eit orienteringsmøte om masteroppgåveemnet. Orienteringsmøtet blir etterfølgd av ei rekkje fagmøte, der dei fagansvarlege informerer om sine respektive fagområde og der studentane kan ta opp moglege problemstillingar som dei vurderer å skrive om.

Fagområda som studentane kan velje mellom, er organisert i følgjande faggrupper:

1. Dynamisk tingsrett, panterett og konkursrett
2. Strafferett, internasjonal strafferett og straffeprosess
3. Arbeidsrett og diskrimineringsrett
4. Arverett og familierett
5. Erstatningsrett og forsikringsrett
6. Klima-, energi- og miljørett
7. Forvaltningsrett og velferdsrett
8. Immaterialrett
9. Konkurranserett, statsstøtterett og offentlege anskaffingar
10. Avtalerett og obligasjonsrett
11. Statsrett, folkerett og menneskerettar
12. Sivilprosess og konfliktløysing
13. Rettskultur, rettsfilosofi og metode
14. Selskapsrett
15. Skatterett
16. Tingsrett, kommunalrett, planrett og miljørett
17. Fire fridommar og institusjonell og metodisk EU- og EØS-rett. Personvern
18. Barnerett

Særleg om gruppearbeid

Masteroppgåva kan skrivast som gruppearbeid av to studentar. Ei gruppeoppgåve skal kvalitativt tilsvare to individuelt leverte masteroppgåver.

Søknad om gruppearbeid må leverast ved påmelding, av begge studentane. Begge må oppgi namnet på den ein ønskjer å skrive saman med og levere likelydande prosjektskisser. Prosjektskissa må vise at prosjektet er veleigna for gruppearbeid. Av skissa må det også gå fram korleis studentane har tenkt å løyse utfordringar som oppstår dersom samarbeidet ikkje varer fram til levering.

Søknaden blir behandla av den emneansvarlege. Dersom prosjektet blir vurdert som realistisk og veleigna, vil fakultetet prøve å finne rettleiar. Dersom fakultetet finn rettleiar, blir

søknaden innvilga. Dersom prosjektet ikkje blir vurdert som realistisk og veleigna, eller fakultetet ikkje lykkast med å finne rettleiar, blir det gitt ein ny, kort frist for å levere ny prosjektskisse – enten saman eller individuelt.

Sjå nærmare om gruppearbeid under «Vurderingsformer».

Læringsutbyte

Kunnskapar

Studenten skal tileigne seg

- avansert materiell kunnskap innanfor det fagområdet masteroppgåva omhandlar
- avansert kunnskap om metode og særskilte metodiske utfordringar på fagområdet
- avansert kunnskap om grunnleggjande vitenskapsideal, under dette krav til kjeldetilvisingar og respekt for andre sine arbeid
- kunnskap om etiske spørsmål innan fagområdet.

Ferdigheiter

Studenten skal vere i stand til å

- identifisere problemstillingar som er eigna for analyse i ei rettsvitenskapelig masteroppgåve
- formulere problemstillingar, argumentasjon og konklusjonar på ein presis måte
- analysere problemstillingar på ein sjølvstendig måte og i samsvar med faglege ideal
- orientere seg i tilfanget av kjelder, finne relevante kjelder og skilje kjelder med akademisk tyngde frå andre
- skilje mellom rettsdogmatiske analysar og andre analyser i rettsvitenskapelig arbeid (politiske, historiske, teoretiske mfl.)
- vurdere gjeldande rett og drøfte behov for endringar
- skrive ei sjølvstendig framstilling med ein ryddig struktur
- gi ein munnleg presentasjon av hovudproblemstilling(ar) og funn i oppgåva, og delta i ein fagleg samtale om desse og om tilgrensande problemstillingar.

Generell kompetanse

Studenten skal etter gjennomført masteroppgåve

- kunne planlegge og gjennomføre eit større juridisk arbeid innan ein gitt frist
- kunne formidle omfattande sjølvstendige arbeid på ein ryddig og presis måte
- kunne ta imot tilbakemeldingar på eige arbeid og nyttiggjere seg slike tilbakemeldingar
- kunne bruke kunnskapar og ferdigheiter på nye rettsområde og bidra til løysing av nye problem.

Fulltid/deltid

Fulltid

Studiepoeng, omfang

20 studiepoeng

Studienivå (studiesyklus)

MA-nivå

Undervisningssemester

Vår og haust

Undervisningsstad

Det juridiske fakultet

Krav til forkunnskapar

Fjerde studieår må vere fullført før ein byrjar på masteroppgåva. Sjå [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 2-3 nr. 2 om tilpassa utdanningsplan.

Tilrådde forkunnskapar

JUS391 Juridiske utredninger bør vere fullført før masteroppgåva skrivast.

Studentar som skriv masteroppgåve innan emne som ikkje er ein del av dei obligatoriske emna på masterprogrammet, kan ha stor nytte av å velje emne på 5. studieår som er relevante for tematikken i masteroppgåva.

Studiepoengsreduksjon

Ingen overlappt med emne ved Det juridiske fakultet.

Krav til studierett

[MAJUR](#).

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga blir gitt på norsk.

Undervisningsopplegget for studentar som skriv masteroppgåve blir gjennomført kvart semester. Det inneheld førelesingar i kombinasjon med oppgåveløysing og diskusjon, og omhandlar mellom anna rettskjeldesøk, forskingsetiske retningslinjer og tekstkvalitet. Fakultetet fasiliterer også etablering av studentstyrte kollokviegrupper, som får innspel til opplegg for eit avgrensa tal kollokvium.

Studentane har rett til 11 timar individuell rettleiing under arbeidet med masteroppgåva. Studentar som skriv masteroppgåve som gruppearbeid får til saman 22 timar rettleiing. Timetalet omfattar tida som rettleiarar bruker til lesing og godkjenning av prosjektnotat, lesing av utkast, utarbeiding av kommentarar, telefonkontakt, korrespondanse og samtale med studenten/studentane. Sensur av masteroppgåver føreset at oppgåva er skriven under rettleiing. I så måte har studenten også *plikt* til å ta imot rettleiing. Det er studentens eige ansvar å oppsøke og nyttiggjere seg rettleiing, og studenten kan ikkje krevje at rettleiarar legg til rette for fjernstudium i skrivesemesteret.

Normalordninga er at studenten får tildelt rettleiar av fakultetet. Eksterne rettleiarar må godkjennast av fakultetet. Sjå [fakultetets nettside om vilkår og retningslinjer for slik godkjenning](#).

Sjå også under "Obligatorisk undervisningsaktivitet" like nedanfor.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Innlevering av prosjektskisse og prosjektnotat

Ved påmelding til masteroppgåve skal studentane oppgi fagområde og problemstilling, og levere prosjektskisse skriven etter ein gitt mal.

Innan ein oppgitt frist ved semesterstart i skrivesemesteret, skal studentane levere prosjektnotat skrive etter ein gitt mal på minst 1500 ord pluss kjeldeliste. For gruppearbeid er

tilsvarande nedre ordgrense for prosjektnotatet på 3000 ord. Prosjektnotatet skal godkjennast av rettleiaren. Underkjent prosjektnotat må omarbeidast og leverast innan ein ny kort frist, og godkjennast av rettleiaren.

Mal for prosjektskisse og prosjektnotat er publisert på Mitt UiB (krev pålogging).

Skriving under rettleiing

Sensur av masteroppgåva føreset at oppgåva er skriven under rettleiing. Det å ta imot rettleiing er såleis eit obligatorisk arbeidskrav. Arbeidskravet er ikkje oppfylt dersom studenten ikkje har tatt kontakt med rettleiaren eller har vore utilgjengeleg for rettleiaren, har latt vere å oversende tekst til rettleiaren eller på anna grunnlag må reknast for ikkje å ha tatt imot rettleiing. At studenten har vald ikkje å følgje rettleiaren sine faglege råd, inneber ikkje at rettleiing ikkje er tatt imot.

Rettleiinga skal avgrensast til eitt semester, med mindre noko anna er særskilt avtalt, eller det er særlege grunnar til at arbeidet med masteroppgåva har tatt lengre tid.

Fristar for påmelding, levering av prosjektnotat med meir:

Skrivesemester haust:

- 15. mai - påmelding og levering av prosjektskisse og eventuell søknad om gruppearbeid
- uke 34 (torsdag) - innleveringsfrist prosjektnotat
- uke 37 (torsdag) - innlevering nytt prosjektnotat (dersom 1. versjon blei underkjent)
- 10. november - studentane stadfestar innlevering av masteroppgåve
- For studentar som tar JUS391 Juridiske utredninger same semester som JUS390, er fristen for å levere prosjektnotat veke 37 (torsdag).

Skrivesemester vår:

- 15. oktober - påmelding og levering av prosjektskisse og eventuell søknad om gruppearbeid
- uke 3 (torsdag) - innleveringsfrist prosjektnotat
- uke 6 (torsdag) - innlevering nytt prosjektnotat (dersom 1. versjon ble underkjent)
- 10. april - studentane stadfestar innlevering av masteroppgåve
- For studentar som tar JUS391 Juridiske utredninger same semester som JUS390, er fristen for å levere prosjektnotat veke 6 (torsdag).

Sjå nedanfor om frist for innlevering av masteroppgåve.

Etter påmelding til emnet, vil fakultetet opprette vurderingsmelding; studenten kan ikkje sjølv vurderingsmelde seg. Studenten må semesterregistrere seg som normalt (frist 1. september for haustsemesteret og 1. februar for vårsemesteret).

Sjå også Instruks for veiledning i JUS390 Masteroppgave.

Vurderingsformer

Karakter blir fastsett på grunnlag av innlevert masteroppgåve og ein justerande munnleg prøve.

Masteroppgåva og prestasjonen under den munnlege prøven blir vurdert av to sensorar. Masteroppgåva blir gitt ein foreløpig karakter, som studenten blir informert om. Dersom

masteroppgåva er gitt foreløpig ståkarakter (A-E), skal det gjennomførast munnleg prøve i digitalt møte.

Dersom masteroppgåver vert vurdert til stryk (F) vert det treft sensurvedtak i tråd med dette.

Den munnlege prøven kan føre til ei justering av den foreløpige karakteren til studentens gunst eller ugunst, men ikkje med meir enn eitt steg på karakterskalaen.

Studentar som har fått A-E som foreløpig karakter på masteroppgåva, men ikkje møter til munnleg prøve utan dokumentert, gyldig forfallsgrunn, vil bli sett ned eitt steg på karakterskalaen.

Studentar som, etter gjennomført munnleg prøve eller utan å ha møtt til munnleg prøve, har fått godkjent masteroppgåve (karakteren A-E), kan ikkje levere den same oppgåva eller ei anna oppgåve til ny vurdering. Studentar som har fått karakteren F, kan berre levere masteroppgåve til ny vurdering dersom oppgåva tar opp ei anna problemstilling eller er ein vesentleg omarbeidd versjon av den tidlegare innleverte oppgåva. Fakultetet gir i slike tilfelle inntil ti timer ekstra rettleiing etter søknad. Den emneansvarlege avgjer om det skal oppnemnast ny rettleiar.

Studentar kan klage på vurderinga av den skriftlege oppgåva i samsvar med dei vanlege klagereglane, sjå [lenke]. Det er berre høve til å klage på formelle feil ved gjennomføringa av den munnlege prøven. Sjå elles [lenke] om gjennomføring av ny munnleg prøve etter klage.

Sjå også Instruks for gjennomføring av justerande munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve, Instruks for sensur i JUS390 Masteroppgåve og [Krav til skriftlige arbeider på masterprogrammet i rettsvitenskap ved UiB](#).

Særleg om gruppearbeid

Masteroppgåver levert som gruppearbeid blir sensurert under eitt til ein felles karakter.

For studentar som leverer ei gruppeoppgåve, blir det gjennomført ein felles, justerande munnleg prøve. Karakterfastsetting etter munnleg prøve skal bygge på ei samla vurdering av studentane sine munnlege prestasjonar (solidarsensur).

Sensurklage kan leverast individuelt. Eventuell endring av karakter gjeld berre for den som har klaga. Dersom berre ein av studentane har klaga, kan den andre studenten tre inn i klaga innan éi veke etter at første student leverte klage sjølv om oppsett klagefrist er gått ut.

Språk og ordgrense

Masteroppgåva kan skrivast på norsk eller engelsk.

Rettleiande ordgrense er 12 000 ord. Oppgåver over 15 000 ord blir ikkje sensurert. For oppgåver levert som gruppearbeid er rettleiande ordgrense 21 000 ord, og oppgåver over 26 250 ord blir ikkje sensurert.

Fot- og sluttnotar skal reknast med i ordgrensa. Framside, innhaldsoversyn, register og litteraturliste skal ikkje reknast med i ordgrensa. Masteroppgåva skal ikkje ha føreord og skal i utgangspunktet ikkje leverast med vedlegg. Vedlegg kan leverast dersom dette er nødvendig for å skildre bruk av kunstig intelligens eller dersom oppgåva bygger på kjelder som ikkje er allment tilgjengeleg. Slike vedlegg skal haldast utanfor ordgrensa. Oppgåver som blir avvist som følgje av at ordgrensa er overskriden, må omarbeidast og leverast eit seinare semester. Det blir ikkje gitt ekstra rettleiingstimar ved slik omarbeiding.

[Innlevering av masteroppgåve](#)

Masteroppgåva skal leverast elektronisk i Inspira. Innlevert oppgåve skal vere anonymisert, paginert og framsida skal opplyse om tittel på oppgåva, kandidatnummer og ordtal, inkludert fot- og sluttnotar.

For innlevering av oppgåva gjeld følgjande innleveringsfristar:

- Skrivesemester haust: 10. desember.
- Skrivesemester vår: 10. mai.

[Karacterskala](#)

Ved sensur av masteroppgåve blir det brukt karacterskalaen A til E for greidd og F for ikkje greidd.

[Vurderingssemester](#)

Vår og haust.

[Emneevaluering](#)

I samsvar med retningslinjer for evaluering av emne ved Det juridiske fakultet.

[Hjelpemiddel til eksamen](#)

Ikkje relevant for dette emnet.

[Programansvarleg](#)

Studieutvalet ved Det juridiske fakultet

[Emneansvarleg](#)

Førsteamanuensis Maria Veia Lund

[Administrativt ansvarleg](#)

Det juridiske fakultet, studieadministrasjonen

Utvalg: Studieutvalget ved Det juridiske fakultet
Saksnummer: 3/25-2
Møtedato: 21.01.2025
Journalnummer: 2025/237

Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve

For SU-møtet den 21.01.25 er det lagt fram fleire saker som knyter seg til innføringa av justerende munnleg prøve på masteroppgåveemnet (nå JUS399) f.o.m. hausten 2025. Sakene inneheld forslag til

- Emneskildring for JUS390 Masteroppgåve
- Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve
- Instruks for vurdering av skriftleg oppgåve i JUS390 Masteroppgåve
- Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve

forslag til uttalelse:

Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve.

Studieutvalget får fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.

08.01.2025
ANNNI

Vedlegg:

Instruks for gjennomføring og vurdering av justerande munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve

I emnet JUS390 Masteroppgåve (20 sp) blir karakter fastsett på grunnlag av masteroppgåva og ein justerande munnleg prøve. I [emneskildringa](#) er den munnlege prøven omtalt i punktet «vurderingsformer». I det følgjande blir det gitt supplerande instruks for gjennomføringa av prøven og fastsetting av endeleg karakter.

Hovudføremålet med den justerande munnlege prøven er å avgjere endeleg karakter i tvilstilfelle og å undersøkje om inntrykket som det skriftlege oppgåva gir av studenten sin sjølvstendige innsats, er i samsvar med realitetane.

Sensorane si førebuing av munnleg prøve

Innan 3 veker og 5 dagar etter innleveringsfristen, skal sensorane bli samde om foreløpig karakter og legge denne inn i Inspira. Etter konferanse om foreløpig karakter, skal sensorane legge ein plan for gjennomføringa av den munnlege prøven, under dette kva for spørsmål studenten skal få. Begge sensorane skal delta under den munnlege prøven, men dei kan bli samde om at éin av dei skal ha hovudansvaret for å stille spørsmål.

Dersom sensorane vurderer det som klart sannsynleg at det ligg føre brot på [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 4-1 om fusk, skal dei melde ifrå til masteroppgave.jurfa@uib.no. I slike tilfelle vert gjennomføring av munnleg prøve utsett.

Kontakt med student og tidspunkt for gjennomføring av munnleg prøve

Etter at foreløpig karakter er lagt inn i [...], skal ein av sensorane opprette eit digitalt møte i sikkerversjon av Teams eller Zoom, og innkalle medsensor og studenten til dette. Innkalling og møtelenke skal sendast til studenten per e-post, med medsensor i kopi. E-posten skal vere i tråd med ein gitt mal som sensorane får tilsendt frå fakultetet. Den munnlege prøven skal finne stad 2-4 veker etter innleveringsfristen, og tidlegast to arbeidsdagar etter at sensorane har meldt inn foreløpig karakter. Den munnlege prøven skal gjennomførast innanfor normal arbeidstid på kvardagar (kl. 8-16), med mindre sensorane og studenten avtalar noko anna. Sensorane avtalar seg imellom kven som skal opprette digitalt møte og sende møteinnkalling. Utover den kontakten som er nødvendig for å avklare tidspunkt og få sett opp det digitale møtet, skal det ikkje vere kontakt mellom studenten og sensorane før den munnlege prøven.

Dersom masteroppgåva er levert som gruppearbeid, skal e-posten med innkalling og møtelenke sendast til begge studentane samtidig.

Varigheit

Den munnlege prøven skal som hovudregel vare i om lag 30 minuttar, eller om lag 45 minuttar dersom oppgåva er levert som gruppearbeid.

Ved gruppearbeid, skal sensorane sørge for at tida blir fordelt om lag likt mellom dei to studentane.

Gjennomføringa av munnleg prøve

Både sensorane og studenten må ha kamera på under heile den munnlege prøven. Det skal ikkje gjerast opptak av prøven.

Før prøven startar, skal sensorane gjennomføre ID-kontroll av studenten. Sensorane har på førehand mottatt studenten sitt studentnummer frå fakultetet. ID-kontrollen blir gjennomført ved at studenten viser fram studentbeviset sitt.

Prøven skal innleiast med at studenten gir ein kort presentasjon av (hovud)problemstilling, kvifor studenten valde å skrive om denne og kva studenten vurderer som sitt viktigaste funn.

Presentasjonen skal vare i inntil 5 minuttar. Dersom oppgåva er levert som gruppearbeid, kan presentasjonen vare i inntil 10 minuttar, og dei to studentane skal dele tida mellom seg. Sensorane si utspørjing skal ta utgangspunkt i oppgåva som er levert og læringsutbyteskildringa for emnet. Studenten kan bli spurt om problemstillinga(r) som oppgåva omhandlar, tilgrensande problemstillingar innanfor det same eller tilknytte fagområde og om relevante metodiske problemstillingar. Studenten kan også bli bedt om å fortelje om framgangsmåte ved kjeldesøk og om å reflektere over eigen arbeidsprosess. Den munnlege prøven kan i tillegg brukast for å kontrollere at oppgåva er eit sjølvstendig arbeid frå studenten og i samsvar med grunnleggjande krav til reielegheit, under dette gjennom spørsmål knytt til studentens bruk av andre sine arbeid og eventuell bruk av KI-verktøy.

Karaktervurdering og grunngiving

Etter at den munnlege prøven er avslutta, skal studenten sendast ut av det digitale møterommet mens sensorane diskuterer seg fram til endeleg karakter (inntil eitt steg opp eller ned på karakterskalaen).

Vurderinga av studenten sin prestasjon under den munnlege prøven skal skje med utgangspunkt i læringsutbyteskildringa for emnet. Av særleg tyding for den munnlege prøven, er at studentane skal vere i stand til å «gi ein munnleg presentasjon av hovudproblemstilling(ar) og funn i oppgåva, og delta i ein fagleg samtale om desse og om tilgrensande problemstillingar», og vidare at dei skal kunne «formidle omfattande sjølvstendige arbeid på en ryddig og presis måte». Sensorane skal legge vekt på om studenten har vist evne til sjølvstendig refleksjon, særleg for så vidt gjeld metodiske problemstillingar.

Studenten skal deretter inviterast inn igjen i det digitale møterommet. Sensorane informerer om resultatet og gir ei grunngiving for den samla vurderinga av masteroppgåva og den munnlege prøven. Sensorane blir samde om kven som skal føre ordet, men begge må vere til stades. Studenten vil ikkje ha rett til å krevje ytterlegare grunngiving.

Dersom sensorane ikkje blir samde om karakter etter munnleg prøve, skal studenten informerast om dette og om at det vil bli oppnemnt ein tredje sensor, i tråd med fakultetet sine retningslinjer for slike situasjonar.

Dersom sensorane etter den munnlege prøven vurderer det som klart sannsynleg at det ligg føre brot på [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 4-1, skal dei informere studenten om dette og melde ifrå til masteroppgave.jurfa@uib.no.

Sensorane kan ikkje bruke KI-verktøy i samband med sensur av masteroppgåver. Dette inneber at sensorane ikkje kan bruke KI-verktøy som eit hjelpemiddel for å utforme grunngiving til studentane.

Utvalg: Studieutvalget ved Det juridiske fakultet
Saksnummer: 3/25-3
Møtedato: 21.01.2025
Journalnummer: 2025/237

Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve

Vedlagt følger forslag til «Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve» fra emneansvarlig Maria Veia Lund.

forslag til uttalelse:

Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve.

Studieutvalget får fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.

08.01.2025
ANNNI

Vedlegg:

Instruks for rettleiing i JUS390 Masteroppgåve

Rettleiaren skal gjere seg kjent med [emneskildringa](#), særleg punkta «Arbeids- og undervisningsformer» og «Obligatorisk undervisningsaktivitet». Her går det mellom anna fram at dei tildelte rettleiingstimane omfattar tida som rettleiaren bruker til lesing og godkjenning av prosjektnotat, lesing av utkast, utarbeiding av kommentarar, telefonkontakt, korrespondanse og samtale med studenten/studentane. I tillegg går det fram at det å ta imot rettleiing er eit arbeidskrav som studenten må oppfylle for at masteroppgåva skal bli sensurert.

Rettleiaren skal vidare gjere seg kjent med læringsmåla og bidra til å skape ei forståing hos studenten for korleis masteroppgåva kan vise at ulike moment i læringsmåla er nådd.

Kort tid etter at prosjektnotatet er godkjent, skal rettleiaren invitere studenten til ein oppstartssamtale. Føremålet med samtalen er å hjelpe studenten vidare i arbeidet og å gjere avtale om framdriftsplan fram mot innleveringsfristen. Framdriftsplanen bør tilpassast Retningslinjer for handheving av mottatt rettleiing som arbeidskrav, slik at første gongs levering av tekst til rettleiar skjer før den ordinære fristen for godkjenning av arbeidskravet.

I den grad det er behov for avgrensing eller justering av problemstillinga(ne) som skal behandlast i oppgåva, bør rettleiaren ta opp temaet i oppstartssamtalen. Rettleiaren kan då gi råd om kva som står fram som fagleg interessant, kva som vil gi best føresetnader for å vise at læringsmåla er nådd og kva som realistisk sett kan omhandlast innanfor rammene som ordgrensa og innleveringsfristen set for oppgåva. Rettleiaren bør likevel søkje å inspirere studenten til å finne problemstillingar som studenten sjølv opplever som viktige og fagleg interessante. Det er eit siktemål at studenten i størst mogleg grad skal ha eigarskap til oppgåva.

Fellesundervisninga på JUS390 tar opp ei rekkje tema innanfor forskningsetikk, særleg bruk av andre sine arbeid og KI-verktøy, krav til kjeldetilvisingar og tekstkvalitet meir allment. Det er ikkje forventa at rettleiaren driv aktiv opplæring av studentane om slike tema. Rettleiaren må likevel vere førebudd på å gi tilbakemelding og råd også om slike forhold. Dette gjeld særleg dersom den konkrete oppgåva aktualiserer særeigne forskningsetiske problemstillingar, eller gjer bruk av andre kjelder enn dei mest vanlege.

Rettleiaren må vere merksam på at tekst som er skapt av KI-verktøy, ikkje blir rekna som studentens eigen tekst, jf. [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 4-1. Dersom slik tekst utgjer «en ikke ubetydelig del av det samlede arbeidet», vil kravet til sjølvstendigheit ikkje vere oppfylt, jf. § 4-1 nr. 2. Ein kvar bruk av KI-generert tekst blir rekna som fusk dersom det ikkje er sitert på reieleg måte, jf. § 4-1 nr. 1.

Dersom rettleiaren mottar tekst frå studenten som heilt eller delvis står fram som KI-generert, skal rettleiaren ta opp temaet med studenten og framheve ovanståande. Sjå elles Retningslinjer for handheving av mottatt rettleiing som arbeidskrav om konsekvensar for høvet til å godkjenne arbeidskravet.

Der masteroppgåva er eit gruppearbeid, bør rettleiaren sjå til at begge studentane i gruppa deltar i arbeidet med oppgåva. Begge studentane skal også vere til stades under rettleiingsmøta.

Rettleiinga er knytt til den skriftlege oppgåva. Det er ikkje forventa at rettleiaren hjelper studenten med førebuing til den justerande munnlege prøven.

Rettleiaren har ikkje ansvar for det endelege resultatet; studentane si faglege rekkjevidde varierer, og dette vil naturleg reflekterast også i masteroppgåvene. Rettleiaren si rolle er å hjelpe studenten til å kunne yte sitt beste.

Dersom rettleiaren ønskjer å bruke KI-verktøy som hjelpemiddel i arbeidet med studentens tekstar, skal studenten informerast om dette. Dersom bruken av KI-verktøyet medfører fare for at studentens opphavsrett til eigen tekst blir krenka, gjeld det eit krav om informert førehandssamtykke frå studenten.

Alle studentprosjekt som behandlar personopplysningar skal vere registrert i UiBs prosjektoversyn RETTE, jf. nærmare om dette i Retningslinjer for å ivareta forskningsetikk og personvern i masterprosjekt ved Det juridiske fakultet.

Rettleiaren skal elles gjere seg kjent med Instruks for sensur i JUS390 Masteroppgåve, Krav til skriftlige arbeider på masterprogrammet i rettsvitenskap ved UiB og Etske retningslinjer for relasjonen mellom veileder og student eller kandidat ved Universitetet i Bergen.

Utvalg: Studieutvalget ved Det juridiske fakultet
Saksnummer: 3/25-4
Møtedato: 21.01.2025
Journalnummer: 2025/237

Instruks for vurdering av skriftleg oppgave i JUS390 Masteroppgåve

Vedlagt følger forslag til «Instruks for gjennomføring og vurdering av justerende munnleg prøve i JUS390 Masteroppgåve» fra emneansvarlig Maria Veia Lund.

forslag til uttalelse:

Stadieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å vedta Instruks for vurdering av skriftleg oppgave i JUS390 Masteroppgåve.

Stadieutvalget får fullmakt til å gjøre fremtidige justeringer i instruksen.

08.01.2025
ANNNI

Vedlegg:

Instruks for vurdering av skriftleg oppgåve i JUS390 Masteroppgåve

Denne instruksjonen gjeld vurderinga av skriftleg masteroppgåve og fastsetting av foreløpig karakter. Det er gitt separat Instruks for gjennomføring og vurdering av justerande munnleg prøve.

Masteroppgåva blir sensurert av to sensorar. Rettleiaren skal ikkje delta som sensor.

Dersom sensorane ikkje blir samde om foreløpig karakter, skal den emneansvarlege utnemne ein tredje sensor til å delta ved sensuren.

Masteroppgåveemnet har som overordna føremål å gi studentane trening i å analysere eit sjølvvald problem på ein sjølvstendig måte og i samsvar med faglege ideal. Det finst ingen fasit eller standard for korleis oppgåva skal sjå ut, og studentane har stor fridom for så vidt gjeld tilnærming og struktur. Det avgjerande for vurderinga er om, og i kva grad, oppgåva viser at læringsmåla i [emneskildringa](#) er nådd.

For at masteroppgåva skal vurderast til greidd (E eller betre), må studenten ha vist evne til å identifisere og formulere ei problemstilling som er eigna for analyse i ei rettsvitskapleg oppgåve, og evne til å løyse denne på ein fagleg forsvarleg måte. I tillegg må studenten ha vist avansert materiell kunnskap innan temaet som er vald, eller deler av dette.

Ved fastsetting av foreløpig karakter skal vurderinga knytast nært til læringsmåla, og bygge på den kvalitative karakterskildringa og dei følgjande retningslinjene:

- Det skal leggst vekt på om studenten har funne fram til ei eller fleire problemstillingar som er veleigna for analyse i ei rettsvitskapleg oppgåve. I denne vurderinga er det mellom anna relevant om problemstillinga står fram som uavklart, kor god dekning problemstillinga har i litteraturen og om problemstillinga eller tilnærminga til denne inneber at KI-verktøy ikkje kan tilby ei adekvat løysing.
- Evne til å skilje mellom ulike problemstillingar, forståing for forholdet mellom ulike problemstillingar og evne til å setje dei inn i ein større, fagleg samanheng skal leggst vekt på.
- Evne til å drøfte problemstillingar på ein fagleg forsvarleg og skjønnsam måte, og til å utnytte tilgjengelege kjelder i samsvar med anerkjente metodiske prinsipp, skal leggst vekt på. Til dette høyrer også blick for kva som er vesentleg og kva som er uvesentleg eller irrelevant, evne til å skilje mellom det sikre og det tvilsame og evne til å dimensjonere dei ulike delane av oppgåva på ein føremålstenleg måte.
- Moment knytt til metode og kjeldebruk skal leggst større vekt på enn dei materielle momenta.
- Det skal leggst vekt på tekstkvaliteten i oppgåva, under dette om problemstillingar, argumentasjon og konklusjonar er formulert på ein presis måte og om oppgåva både i dei einskilde delane og i sin heilskap er strukturert på ein føremålstenleg og ryddig måte.
- Det skal leggst vekt på om kjeldetilvisingane i oppgåva er presise, etterprøvbare og elles ryddige. Ulike referansestilar kan oppfylle krava til presisjon og etterprøvbarheit og såleis vere like gode, men studenten bør vere konsekvent i utforminga.
- Moment som avdekkjer sjølvstende og fagleg kreativitet skal givast uttelling, føresett at tilnærminga eller analysen mv. er fagleg forsvarleg.

- Det skal givast utteljing for moment som viser at studenten har vore i stand til å sjå faglege eller metodiske samanhengar som ikkje kan lesast direkte ut av litteratur eller andre kjelder.
- Det skal givast utteljing for blikk for rettspolitiske dimensjonar innanfor temaet i oppgåva, så lenge studenten samtidig viser forståing for forholdet (og grensa) mellom reelle omsyn som rettskjelde og rettspolitiske vurderingar.
- Rammene for masteroppgåva inneber at studenten kan måtte gjere visse avgrensingar. Dersom ei avgrensing er gjort eksplisitt og er velgrunna, skal det ikkje trekkjast for manglande behandling av temaet som det er avgrensa mot.

Sensorane kan ikkje bruke KI-verktøy i samband med sensur av masteroppgåver. Dette inneber at sensorane ikkje kan bruke KI-verktøy som eit hjelpemiddel for å utforme grunngiving til studentane. Sensorane skal heller ikkje bruke KI-verktøy for å identifisere om ei masteroppgåve heilt eller delvis er utforma ved hjelp av KI-verktøy.

Dersom sensorane vurderer det som sannsynleg at det ligg føre brot på [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#) § 4-1, skal dei melde ifrå om dette til masteroppgave.jurfa@uib.no.



Utvalg: Studieutvalget ved Det juridiske fakultet
Saksnummer: 3/25-5
Møtedato: 21.01.2025
Journalnummer: 2025/237

Nedlegging av norske spesialemer

Bakgrunn

I forbindelse med reform av 5. studieår skal norske spesialemer legges ned og erstattes av fordypningsemner på 20 studiepoeng.⁵ I fakultetsstyrets møte den 10.12.2024⁶ ble følgende fordypningsemner opprettet:

- JUS3550 Arbeidsrett
- JUS3551 Immaterialrett
- JUS3552 Tvisteløsning i kommersielle forhold
- JUS3553 Konfliktmekling
- JUS3554 Planrett og kystsoneforvaltning
- JUS3555 Politi- og påtalerett
- JUS3556 Selskapsrett og bedriftsbeskatning
- JUS3557 Velferdsrett

Fordypningsemerkene skal ha undervisning første gang i studieåret 2025/2026.

Denne saken legges frem med forslag om å legge ned følgende norske spesialemer:

- JUS251-2-A Grunnleggende arbeidsrett
- JUS251-2-B Arbeidsrett fordypning
- JUS253-2-A Kommunalrett
- JUS254-2-A Politirett
- JUS255-2-A Påtalerett
- JUS256-2-A Skatterett I
- JUS256-2-B Skatterett II
- JUS257-2-A Grunnleggende selskapsrett
- JUS257-2-B Aksjeselskapsrett - fordypning
- JUS260-2-A Design- og patentrett
- JUS260-2-B Opphavsrett
- JUS261-2-A Konfliktmekling
- JUS265-2-A Planrett
- JUS250-2-D / Velferdsrett

⁵ Se [fakultetsstyresak 60/23 Fremtidens 5. studieår](#)

⁶ <https://www.uib.no/jur/168174/m%C3%B8teinncallinger-og-protokoller-2024#12-desember-2024>

Overgangsordning

Fakultetet må tilby eksamen i emnene i sin nåværende form i to semestre,⁷ og vedta en overgangsordning i forbindelse med nedleggingen.⁸ Fakultetsstyret vedtok Plan for utfasing av femte studieår på studieordningen av 2003 i sitt møte 11.06.2024.⁹ Følgende ble vedtatt for spesialemnene som skal legges ned:

Når et emne legges ned, skal det om nødvendig holdes eksamen de to påfølgende semestrene for studenter uten bestått resultat. Dette følger av UiBs studieforskrift § 7-8. Fakultetet kan vedta andre ordninger, så lenge de er minst like gode for studentene.

For spesialemnene som skal legges ned vil dette bli hovedregelen:

- *For emner som går for siste gang H24, avholdes eksamen også V25 og H25*
- *For emner som går for siste gang V25, avholdes eksamen også H25 og V26*

Det vil ikke bli avholdt undervisning etter at emnet har hatt sitt siste offisielle undervisningssemester. Tilbudet om eksamen to påfølgende semestre vil derfor bare gjelde studenter med eksamensrett som enten ikke har bestått eller ikke møtt til eksamen, eller som ønsker å gjennomføre frivillig gjentak.

Det vil være åpent for frivillig gjentak begge de siste eksamenene i emnet.

Det er allerede åpnet for ordinær oppmelding og opptak våren 2025 til emnene som har undervisning høst, men eksamen hvert semester. Emnene kan derfor først vedtas nedlagt etter vårsemesteret 2025. Det innebærer at eksamen etter behov må tilbys høstsemesteret 2025 og vårsemesteret 2026. Studenter som har gyldig vurderingsmelding i emnet seinest våren 2025, og som mangler resultat eller ønsker å gjenta eksamen, kan melde seg til eksamen H25 eller V26, forutsatt at andre vilkår for å ta eksamen er oppfylt. Dette gjelder også studenter med særskilt studierett for å ta spesialemnene (JUSVALG).

